

I ettermiddag kom Barnas Turlag ned frå Storhaug etter ei heit natt i fuglane sitt rike. Allereie ein halv time etter at borna kraup i soveposane, kunne dei høyre lydane av dei første kurrande orrhanane i trea kringom speleplatsen. I same sekund stilna alle barnerøyser, og store auge gløtta varsamt ut gjennom teltopninga for å lokalisere fuglane; no var det viktig å ikkje uroe fuglane før spelet var i gong

I år var det femte gongen at Barnas turlag inviterte til orreleik på Storhaug. Turen gjekk som vanleg frå toppen av Pålavegen og heimover fjellet til Storhaug.

Fem vaksne og åtte born i alderenfrå seks til tolv år valde i år å trasse dei usikre vermeldingane for den store naturopplevinga. Etter at leiren var etablert og middagen innteken, var det litt tid til leik og moro før soveposane vart rulla ut. Turleiarane held den årlege alvorstala om kor viktig det er å ikkje uroe fuglane i spelet, spesielt er dei sårbare i landingsfasen, før spelet er skikkeleg i gong.

Så var det å vente. Og kviskre. Og hysje. Og gløyme seg litt ut og få strenge blikk og intense hysj! frå dei vaksne. Men endeleg kunne ein høyre den første kurringa frå tretoppene, og alle lydar frå telta stilna.

Snart var myra føre telta full av orrhanar, ein av seksåringane meinte ho talde minst tusen fuglar. Dei spradaikring i brysk positur, med halefjæra utslegne og brystkassa pumpa solid opp. Då ei orrhøne brått entra arenaen, vart det retteleg så livleg på myra, og hanane klaska saman så fjøra fauk.

Dei ivrigaste borna fekk også med seg morgonspelet, kl 02.52 starta dei på ny, og held det gåande til kl 6. Det er slitsamt å vere fugl og hugnadssjuk, og med ei lekker høne innafor rekkjevidd. Det er som nokon kvar kan ha medkjensle med dei stakkars hanane.

Barnas turlag er godt nøgde med årets tur, og vi gler oss allereie til neste år. Etter mange års røysle med Storhaug, er vi trygge på at fuglane ikkje sviktar.

Av Bjørn Olav Tveit



Fototilhøva var svært problematiske denne natta